

**Frå:** Susanne Iren Busengdal <susanne.iren.busengdal@mrfylke.no>  
**Send:** 28. mars 2022 12:18  
**Til:** Arild Sunde Rinnan  
**Kopi:** Bjørn Ringstad  
**Emne:** SV: Detaljregulering Grepstadvegen - automatisk freda kulturminne


**[ADVARSEL]** Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikke klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikke kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Hei Arild!

Beklagar sein tilbakemelding!

Vi har diskutert saka har nokre punkt vi ønskjer å påpeike:

ID 265860 Grepstad 2 er den lokaliteten som inneholder mest verdifulle funna, og som vil verte mest kostbar å grave ut. Vi rår til at denne blir liggende i vern og at de heller ser på moglegheitene for å behalde/utbetre den eksisterande avkjørsla som går forbi gbnr 7/26 og 7/232 i dag.



Ein dispensasjonssøknad ved ein så stor reguleringsplan må gå gjennom offentleg ettersyn og behandlast som ein §8.4- søknad. Vi ber difor at saka sendast ut på ei begrensa høyring til oss for trekking av motsegn og behandling av dispensasjon.

Når det kjem til fotografering av SEFRAK-registrert løe tenkjer eg at det er best at eigar/kommunen sender oss bilete av innsida til løa slik at rådgjevar på nyare tid kan sjå på desse.

Med venleg helsing

**Susanne Busengdal**

Rådgivar- arkeolog

Plansakshandsaming

Kulturavdelinga – seksjon for kulturarv

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 02 75

[susanne.iren.busengdal@mrfylke.no](mailto:susanne.iren.busengdal@mrfylke.no)



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

---

**Fra:** Arild Sunde Rinnan <[arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no](mailto:arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no)>

**Sendt:** fredag 4. februar 2022 13:41

**Til:** Susanne Iren Busengdal <[susanne.iren.busengdal@mrfylke.no](mailto:susanne.iren.busengdal@mrfylke.no)>

**Kopi:** Bjørn Ringstad <[Bjorn.Ringstad@mrfylke.no](mailto:Bjorn.Ringstad@mrfylke.no)>

**Emne:** Detaljregulering Grebstadvegen - automatisk freda kulturminne

Hei,

Viser til telefonsamtale. Eg skjønner at Torill Nærbovik har slutta i fylkeskommunen, så sender e-post til deg Susanne med Bjørn Ringstad som kopimottakar.

**Automatisk freda kulturminne**

I april 2020 hadde eg dialog med Torill om dei automatisk freda kulturminna som vart lokalisert i samband med arkeologisk registrering på Grebstadvegen som er under regulering.

Det har vore stillstand med reguleringssarbeidet sidan den gang, men no har vi tatt oppatt arbeidet. Vi må difor avklare korleis vi skal handtere motsegna til planen knytt til konflikt med dei automatisk freda kulturminna.

Vi har sett på lokalisering av kulturminna og ser at det blir vanskeleg å finne alternative trasear for vegane og arbeid i anleggfasen som vil gå utanom desse kulturminna og vernesonene.

Kommunen ser det difor naudsynt å søke ein dispensasjon frå kulturminnelova. Spørsmålet mitt er då om det er nokon formkrav til ein slik søknad? I andre reguleringssaker eg har vore med på har dette blitt vurdert offentleg ettersyn, men i dette tilfellet var ikkje den arkeologiske registreringa gjennomført då planen vart sendt på høyring. Det er ikkje sikkert det blir eit nytt offentleg ettersyn før eigengodkjenning så då må dette behandlast på ein anna måte. Korleis bruker de å handtere det?

Om det blir krav om arkeologisk utgraving, vil det då bli individuelle krav knytt til kvar lokalitet, slik at ein kan avvente utgraving av ein av lokalitetane om eit vegstrekket ikkje skal byggast ut saman med resten av vegen? Dette kan være aktuelt for lokalitet (LOKID)265860, den mest vestlege lokaliteten. Kommunen ønskjer å avklare om den må utgravast, sjølv om vegen o\_SKV4 ikkje skal byggast samstundes som Grebastadvegen og fortau.

#### Kulturminne frå nyare tid:

I fråseguna til reguleringsplanen daterte 26.09.2019 (ligg vedlagt), er et sagt at for SEFRAK Iøa som må rivast for å gi plass til vegen, bør det leggast ved fotodokumentasjon som også viser innsida, slik saka blir mest mogleg opplyst. Er dette foto de ønskjer at kommunen tar og sender over til dykk, eller vil de at nokon frå dykk som veit kva det trengs av fotodokumentasjon innhentar dette?

Mvh,

Arild Sunde Rinnan  
Arealplanleggar

Tlf. 94 78 46 89 Tlf. sentralbord 70 24 65 00

[arild.sunde.rinnan@sykylven.kommune.no](mailto:arild.sunde.rinnan@sykylven.kommune.no)  
[Sjå brosjyra vår](#)



*Vi gjer merksam på at e-post til og frå Sykkylven kommune i utgangspunktet er journalpliktig etter arkivlova, og også vil vere eit offentleg saksdokument som andre vil kunne få innsyn i etter reglane i offentleglova.*

---

**Frå:** Torill Einara Nerbovik <[Torill.Einara.Nerbovik@mrfylke.no](mailto:Torill.Einara.Nerbovik@mrfylke.no)>  
**Send:** 23. april 2020 13:25  
**Til:** Arild Sunde Rinnan <[arild.sunde.rinnan@sykylven.kommune.no](mailto:arild.sunde.rinnan@sykylven.kommune.no)>  
**Kopi:** Bjørn Ringstad <[Bjorn.Ringstad@mrfylke.no](mailto:Bjorn.Ringstad@mrfylke.no)>; Susanne Iren Busengdal <[susanne.iren.busengdal@mrfylke.no](mailto:susanne.iren.busengdal@mrfylke.no)>  
**Emne:** Grebastadvegen - automatisk freda kulturminne

Hei, og takk for ein hyggeleg samtale i dag.

Langs Grebastadvegen vart det under den arkeologiske registreringa i 2019 gjort funn av fire automatisk freda kulturminnelokalitetar. To av desse er i konflikt med planlagt gang- og sykkelveg, medan dei to andre lokalitetane er i konflikt med planlagde avstikkarvegar frå Grebastadvegen, til Sjurvegen og til Eimsvegen. Dei automatisk freda kulturminna med femmeterssikringssone er som ønska av dykk, vedlagt som sosi-filer.

Vi ber om at kommunen ser på moglegheiter for å gjere endringar i planforslaget for å unngå konflikt med kulturminna. Der det ikkje er mogleg å finne alternativ som unngår konflikt med automatisk freda kulturminne, må der søkjast om dispensasjon frå kulturminnelova. Det er stort sannsyn at ein eventuell dispensasjon frå kulturminnelova vil utløyse krav om arkeologisk utgraving. Plana kan ikkje

eigengodkjennast før ein har funne ei løysing i høve dei automatisk freda kulturminna, som fylkeskommunen kan godkjenne.

Når kommunen har sett på moglegitetene i plana, ber vi dykk ta kontakt med oss for å sjå på vidare prosess, og detaljar kring plankart og føresegner.

Med vennleg helsing

**Torill Einara Nerbøvik**

Arkeolog/rådgivar - Feltkoordinator

Kulturavdelinga – kulturvernseksjonen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 03 30

[torill.einara.nerbovik@mrfylke.no](mailto:torill.einara.nerbovik@mrfylke.no)

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



Vennligst ikke slett dette bildet.